



Fylkesmannen i Rogaland

Handlingsplan for **INN PÅ TUNET I ROGALAND** 2019 – 2020



Innhald

Innleiing	3
Kva er Inn på tunet?	4
Kvalitetssystem og godkjenningsordning	5
Kva kjenneteiknar eit godt og berekraftig Inn på tunet – tilbod?	5
Inn på tunet – Rogaland – ein tilbydarorganisasjon	6
Prioriteringar i planperioden	8
Omtale av fokusområda	10
- Dagtilbod på gard for heimebuande personar med demens	10
- Pedagogiske tilbod	13
- Tilbod innan helse- og rusomsorga inkl. arbeidsretta tiltak gjennom NAV	17
- Butilbod til barn og unge på Inn på tunet gard	21
- Inn på tunet tilbod til flyktningar	25
Samandrag	27



Innleiing

Handlingsplan for Inn på tunet i Rogaland byggjer på embetsoppdraget frå Regjeringa til fylkesmennene, føringar gitt i *St.m. 31 – Garden som ressurs Garden som ressurs – marknaden som mål – Vekst og gründerskap innan landbruksbaserte næringar* <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-31-20142015/id2415017/> og tidlegare «[Nasjonal handlingsplan for Inn på tunet](#)»

I pkt 5.1.6.15 i embetsoppdraget for 2019 heiter det:

Alle embetene LMD ASD HOD JD KD Landbruk og mat Helsedirektoratet
5.1.6.15
Synliggjøre Inn på tunet som aktuelt tiltak innanfor arbeidet på helse-, omsorgs-, utdannings-, arbeids-, og sosialområdet.
Bakgrunnsinformasjon

Oppdraget «Synliggjøre Inn på tunet som aktuelt tiltak innanfor arbeidet på helse-, omsorgs-, utdannings-, arbeids- og sosialområdet.» er frå 5 følgjande departement; Landbruks- og matdepartementet, Arbeids- og sosialdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Justisdepartementet og Kunnskapsdepartementet.

Handlingsplanen for Inn på tunet i Rogaland er utarbeidd i samarbeid mellom landbruksavdelinga, utdanningsavdelinga og helse- og sosialavdelinga hos fylkesmannen.

Denne handlingsplanen, som har like mykje karakter av å vere ein rettleiar, peiker på ulike område der Inn på tunet kan vere ein aktuell tenesteleverandør. Dokumentet har aktive lenker til aktuell informasjon.

Handlingsplanen er vidare meint å vere eit dynamisk dokument, der vi framleis ønskjer innspel og kommentarar.



Kva er Inn på tunet?

Den offisielle definisjonen av Inn på tunet er: *«Inn på tunet er tilrettelagte og kvalitetssikra velferdstenester på gardsbruk. Tenestene skal gje meistring, utvikling og trivsel. Gardsbruk er ein eigedom som vert brukt til jord-, skog-, eller hagebruk. Aktivitetane i tenestetilbodet er lagt til garden, og knytt opp mot livet og arbeidet der.»*

Andre omgrep som har vore nytta om Inn på tunet satsinga er «grøn omsorg» og NAV har også nytta «grønt arbeid». I utanlandsk litteratur brukast både «care farming» (eller «green care farming»), «social farming» og «farming for health». Beslekta fagområde er «dyreassistert terapi» (ditto - pedagogikk, - aktivitet), «hagebruksterapi» eller «terapeutisk hagebruk»

Inn på tunet-tenestene er retta mot eit breitt spekter av sektorar og tenesteområde: barne- og familievern, barnehage, grunnskule, skulefritidsordning (sfo), vidaregåande skule, vaksenopplæring, arbeidstrening til ulike brukargrupper, aktivitetar innan friluftsliv og fysisk aktivitet, tilrettelagte dagtilbod innan psykisk helse, rus, psykiatri og tilbod til eldre og personar med demenssjukdom. Utover desse tilboda er det også etablert tenestetilbod innan integrering av innvandrarak og flyktningar, kriminalomsorg og førebygging av kriminalitet, samt ulike butilbod til barn og unge på gard (f. eks. forsterka fosterheim på gard, avlastningsheim, mindre bukollektiv, mm).

Ideen er at landbruket har miljøkvalitetar, kompetanse og ofte overskot av ressursar i form av ledig bygningsareal eller annan infrastruktur som kan nyttast alternativt, i tillegg til å produsere mat. Samstundes står "det offentlege" framfor aukande problem i samband med ein veksande helse/sosial- og omsorgssektor og i tillegg ein utdanningssektor med store utfordringar knytt til oppvekst- og skulemiljøet for barn og unge.

Nokre rolleavklaringar:

- Brukar/deltakar: Person som deltek i Inn på tunet-tilbodet.
- Kjøpar: Ansvarleg bestillar og betalar av tenesta og ansvarleg for å fylgje opp tenestetilbodet til brukarane.
- Tilbydar: Ansvarleg gardbrukar og produsent av Inn på tunet tilbodet.



Kvalitetssystem og godkjenningsordning

Ei viktig nyvinning dei seinare åra er vi har fått på plass eit kvalitetssystem og ei godkjenningsordning for Inn på tunet-gardane. Stiftinga Matmerk forvaltar godkjenningsordninga, og har også ansvaret for å drifte ein [nasjonal informasjonsnettstad](#) .Her er det ein oversikt over godkjente IPT-gardar i alle fylka. Det ligg og malar på ulike [avtaler mellom tilbydar og kjøper](#), og [sjeckliste for eigenrevisjon](#).



Kva kjenneteiknar eit godt og berekraftig Inn på tunet – tilbod?

Mange offentlege tenester er i dag under stort press, og det er behov for innovasjon og nytenking for å få til nye og kostnadseffektive tilbod. Samarbeid med sosiale entreprenørar som Inn på tunet tilbydarane kan vere ein av løysingane som kan medverke til eit meir variert tenestetilbod. Utvikling av nye Inn på tunet - tilbod kan initierast av både landbruket eller det offentlege.

For at inn på tunet skal fungere optimalt over tid, er det fleire faktorar som spelar inn:

- *God politisk og administrativ forankring hos kjøper (tverrfagleg eigarskap men med oppnemnd koordinatorfunksjon). Eldsjeler er likevel viktig*
- *God dialog mellom kjøper og tilbyder i både utvikling og drift*
- *Utviklingsorientert fokus og organisering i kommunen*
- *God oversikt på kva type tenester Inn på tunet kan levere*
- *Allsidige og kompetente tilbydarar*

Nøkkelfaktorar for suksess for Inn på tunet tilbydarane har i tidlegare evalueringar blitt lista opp slik:

- *personlege eigenskapar og innsikt i kommunikasjon er viktig*
- *familietilpassing (einigheit innan familien om å satse på IPT)*
- *gardsbruk med allsidige tilbod og resursar*
- *god rettleiing frå kjøper til tilbydar*
- *gode og klare avtaler*
- *klar rollefordeling og oversiktleg styringsmodell*

Inn på tunet tilboda kan vidare vere organisert på forskjellige måtar:

- Eit døme på enkel organisering kan vere der tilbyder er tilsett i kommunen (eller hos annan kjøper) og kommunen leiger lokale og utstyr av tilbydar. Kommunen har ansvar for eventuell naudsynt tilleggskompetanse rundt brukaren/e.
- Så har vi tilbod/prosjekt der tilbydar sel sine tenester til kommunen, og kan også vere den som har eller leiger inn naudsynt tilleggskompetanse i prosjektet.
- I dag er det også fleire døme (frå andre fylke) på at tilbydarane organiserer seg i samvirkeorganisasjonar, som forhandlar fram avtaler med kjøper og fungerer som støtteapparat rundt medlemmane i organisasjonen. jfr [Inn på tunet - Norge](#)

Dette siste trur vi blir meir vanleg i framtida, og bør vere interessant å prøve ut også her i Rogaland.

Inn på tunet - Rogaland

I Rogaland har vi ein tilbydarorganisasjon som kallar seg for [«Inn på tunet – Rogaland»](#). Vi viser til nettstaden deira og informasjonsbrosjyren «Velferdstenester frå landbruket». Her vil ein også kome fram til dei ulike gardane.

Det er eit mål i planperioden å få fleire godkjende IPT-gardar, medverke til bedriftsutvikling og kompetanseheving blant IPT-tilbydarane i Rogaland.



Inn på tunet gardar i Rogaland



Her er ei samla [liste med oversikt over alle dei godkjente IPT-gardane i Rogaland](#)

- KARI CHRISTENSEN, BOKN, 
- HOGNESTAD GARD, GJESDAL, 
- STIFTINGA JÆRMUSEET, HÅ, 
- KRINGSJÅ SAMDRIFT AS, HAUGESUND, 
- JON EGIL FRETTE, KARMØY, 
- TROND ROALD BØ, KARMØY, 
- STEINDAL GÅRD, RANDABERG, 
- BRU GJESTEGÅRD, RENNESØY, 

KROKEN GÅRD OG HESTESENTER THENGs, RENNESØY, 

SOMA GÅRD, SANDNES, 

HAGATOPPEN GÅRD, SANDNES, 

RØYRVIK AKTIVITETSGÅRD, SANDNES, 

TRYGGVI ISLANDHESTGÅRD, SANDNES, 

DYSJALAND GARD, SOLA, 

KOLNESGÅRDEN, SOLA, 

GAUSEL FRITIDSGÅRD, STAVANGER, 

STIFTELSEN ULLANDHAUG ØKOLOGISKE GÅRD, STAVANGER, 

HAUABJØR GARD, SULDAL, 

VÅRVIK GARD, SULDAL, 

NESSA GARD, SULDAL, 

HADLAND GARD, TIME, 

HAUGEN GARD, VINDAFJORD, 

Det er t.o. fleire gardar enn dette som p.t. har søkt om godkjenning og er i prosessen.

[Norsk landbruksrådgjeving](#) har kurs i Inn på tunet kvalitet og tryggleik.



**Norsk
Landbruksrådgiving**

NLR HMS



**Landbrukets
HMS-tjeneste**

Tilbydarar av Inn på tunet kan søke støtte til bedriftsutvikling gjennom [Innovasjon Norge](#) som i neste omgang vil kome brukarane og kjøparane av tenestene til gode.

[Norges Bondelag](#) og [Norsk Bonde- og småbrukarlag](#) har eigne Inn på tunet utval, og er engasjert i å hjelpe sine medlemmer med å utvikle Inn på tunet som næring.

Inn på tunet som tilleggsnæring i landbruket er nærare omtalt i [Regionalplan landbruk](#) Sjø også St. melding 31 [Garden som ressurs – marknaden som mål. Vekst og grunderskap innan landbruksbaserte næringar](#) og rapporten [Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert verksemd i Rogaland](#).

Prioriteringar i planperioden

Handlingsplan for Inn på tunet i Rogaland skal stimulere til tverrfagleg samarbeid om Inn på tunet satsinga gjennom å:

- Arbeide for at alle relevante sektorar innan det offentlege tenestetilbodet skal kjenne til Inn på tunet som konsept.
- Styrke kjøparkompetansen av Inn på tunet-tenester i kommunane og hos andre aktuelle etatar
- Stimulere til og synleggjere aktuell forskning
- Sikre at Inn på tunet tilbydarane driv kvalitetssikra tenester på garden, og styrke tilbydarane sin bedriftskompetanse.

I tråd med tidlegare Nasjonal handlingsplan for Inn på tunet skal det i planperioden arbeidast særskilt med å vidareutvikle IPT-tilbod innan

- demensomsorga
- skule- og pedagogiske tiltak
- tiltak innan psykisk helse og rusomsorg med vekt på arbeidsretta tilbod

«Desse hovudsatsingsområda skal likevel ikkje vere til hinder for at det kan arbeidast med å utvikle tilbod på andre område» heiter det i den nasjonale handlingsplanen.

I Rogaland er det eit høgt prioritert område å styrke innsatsen i høve til barn og unge sitt oppvekstmiljø. Vi syner her til den såkalla «0-24 satsinga», <https://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Barn-og-foreldre/0-24/> ein tverrdepartemental innsats for utsette barn og unge.



Vi viser også til Bufetat som uttaler at det er stort behov for fleire fosterheimar og andre butilbod for barn og ungdom, og dei gjerne vil ha fleire bønder som fosterforeldre og til besøksheim/avlastningsheim.

I desse tider, med utfordringar knytt til flyktningane som har kome til landet, er det naturleg at handlingsplanen har eit fokus på korleis landbruket og Inn på tunet kan medverke i integreringa av desse.

Prioriterte satsingsområde i Handlingsplan for Inn på tunet i Rogaland:

- Dagtilbod på gard for heimebuande personar med demens
- Skule/pedagogiske tilbod
- Tilbod innan helse- og rusomsorga inkl arbeidsretta tiltak gjennom NAV
- Butilbod på gard for barn og ungdom
- Tilbod til flyktningar

I planperioden 2019-20 vil det i Rogaland blir lagt særleg vekt på å få til fleire dagtilbod til heimebuande personar med demens, fleire butilbod på gard for barn og ungdom, tiltak for flyktningar og tiltak retta mot rusomsorga og fråfallsproblematikk i vidaregåande skule (vgs).



Omtale av fokusområda

Dagtilbod på gard for heimebuande personar med demens



I demensplan 2020 frå Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) heiter det (kap 5.3):

«Aktivitetstilbud er en sentral del av tjenestetilbudet for å støtte hjemmeboende personer med demens og deres pårørende. Regjeringen vil fremme forslag til endring av helse- og omsorgstjenesteloven som fastsetter en plikt for kommunene til å tilby et dagaktivitetstilbud til hjemmeboende personer med demens, gjeldende fra 1. januar 2020. Det legges opp til en utbygging av tilbudet frem mot 2020.

Gjennom handlingsplan for Inn på tunet skal det tilrettelegges for aktiviteter knyttet opp til gårdsbruk og livet og arbeidet der. Brukerne kan få bruke sine mentale og fysiske ressurser på en mangfoldig måte. Det er økende interesse for denne type tilbud, og det bør være rom for flere slike tilbud de nærmeste årene. Dette forutsetter et nært samarbeid mellom kommuner og tilbyderne av tjenestene og en styrking av kommunenes bestillerkompetanse på området.»

Frå kap 5.4 sakser vi: «Inn på tunet kan skape gode opplevelser og mestring for personer med demens

Mer enn 40 Inn på tunet-gårder rundt i hele landet tilbyr aktivitetstilbud for personer med demens. Gårdene gir unike muligheter for meningsfulle oppgaver og aktiviteter i stimulerende omgivelser uten institusjonspreg. Stell av dyr, stell av kjøkkenhage og frukthager, vedhogst, matlaging og felles måltider er noen av gjøremålene på en gård. Det er stort potensial for flere slike tilbud dersom kommuner og landbruket samarbeider om mulighetene. Mange gårder har ønske om å tilby disse tjenestene, og det er eksempler der andre personer bistår som frivillige og får opplevelsen av gården som en trivelig arena for samspill og aktivitet. Nasjonal kompetansetjeneste for aldring og helse har i nærmere 15 år fulgt flere av tilbudene og bidratt i utviklingen av tjenestekonseptet. Kommunene er ansvarlige for innholdet i tjenestene.»

Mogleg finansiering:

Helsedirektoratet har i fleire år delt ut øyremerka [stimuleringsmidlar til oppretting av nye dagplassar for personar med demens](#). Desse midlane har nokon kommunar nytta til Inn på tunet tilbud. Siste året for ordninga er 2019, og søknadsfristen er satt til 31. oktober. Frå 1. januar 2020 blir det deretter ein lovpålagt plikt for kommunane å tilby dagaktivitetstilbud til heimebuande personar med demens. Etter dette går ein ut i frå at tilskotet blir innlema i rammetilskotet til kommunane over Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt budsjett.

<https://helsedirektoratet.no/Sider/Etablering-av-nye-dagaktivitetstilbud-til-hjemmeboende-personer-med-demens.aspx>

Aktuelt rettleingsmateriell:

- [Nasjonal handbok om dagtilbod på gard for personar med demens](#). Handboka, som er utvikla av [Nasjonal kompetansetjeneste for aldring og helse](#), skal vere til hjelp for både Inn på tunet-tilbydarar og kommunar som ønskjer å etablere aktivitetstilbud på gardsbruk for personar med demens.
- «[Den beste dagen på mange år](#)» frå Nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse:
- Sjå også <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/n2.dagaktivitetstilbud-for-personer-med-demens-pa-g2.dagaktivitetstilbud-for-personer-med-demens-pa-gard/id2466443/>

Pågåande forskning:

Norges miljø- og biovitenskapelege universitet (NMBU) har fått midlar til eit forskingsprosjekt på dagaktivitetstilbud på gard for personar med demens.

<https://demensomsorgpagard.no/om-prosjektet/>

Sjå også nettportalen for norsk forskning på natur og helse

<https://www.nmbu.no/fakultet/landsam/institutt/ilp/aktuelt/node/26798>

Aktuelle tiltak i planperioden:

- Årleg informasjon om IPT til demensansvarlege i kommunane og aktuelle kompetansemiljø.
- Studieturar til aktuelle gardar (aktuelle gardar som har tilbod til demente i Rogaland er [Steindal gard](#) i Randaberg , [Haugen gard](#) i Vindafjord og [Øvregård](#) i Vindafjord .





Pedagogiske tilbod

Oppvekstmiljøet til mange barn og unge har i dei siste tiåra blitt prega av lite fysisk aktivitet, redusert kontakt med naturen og den «produktive og vaksne» del av samfunnet. Samstundes er det etterkvart godt dokumentert at praktiske aktivitetar (sett inn i ein meningsfylt samanheng) er ein føresetnad for kognitiv læring og utvikling av intellektet. Likevel har det i mange år vore eit klassisk skiljelinje mellom såkalla "praktiske" og "teoretiske" fag og ein tilsvarande dragkamp mellom dei som meiner at elevane får for mykje eller for lite av det eine eller det andre. Meir fruktbart er det truleg å fokusere på samspelet i læringsprosessen mellom det "konkrete" og det "abstrakte". Det er også viktig å vere klar over at vektlegginga av såkalla "teoretisk læring" stammar frå den tida då mesteparten av livet for dei fleste var praktisk arbeid, enten utadørs, i fjøset eller andre oppgåver på garden eller i lokalsamfunnet. Det greske ordet "*schola*" tyder fritid, i meininga "fri frå arbeidet".

Vi trur garden og miljøet rundt denne kan vere ein svært god læringsarena for både skular og barnehagar. Her kan barn og unge få gode og naturlege sanseopplevingar gjennom stell og kontakt med planter og dyr, få delta i varierte arbeidsoppgåver både ute og inne og «lære ved å gjere». Vidare kan elevane få følgje frøet "frå jord til bord" og vere med på vegen frå råvare til sal av ferdig produkt.



Opplæringa på ein alternativ opplæringsarena kan organiserast for heile klassar/grupper. Det er likevel eit krav at opplæringa må vere innanfor rammene i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Aktivitetane må kunne koplast til kompetansemål i læreplanane for fag. Dersom bruken av en alternativ opplæringsarena gjeld for klassen/basisgruppa eller andre grupper og er knytt til ein kortare tidsperiode, er det ikkje nødvendig med noko særskilt grunnlag for denne tilrettelegginga. Dette vil vere ein del av læraren si tilpassa opplæring og ein del av den fleksibiliteten som [opplæringslova § 2-3](#) opnar for.

Tilbod til enkeltelevar må gjerast etter reglane om spesialundervisning i opplæringslova kapittel 5. Skoleeigar har eit avgrensa høve til å ta i bruk alternative opplæringsarenaer, jf. opplæringslova § 2-3, for enkeltelevar med rett til spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1. Omsynet til eleven, ikkje omsynet til skolen eller kommunen er avgjerande. I vurderinga må det trekkjast inn om opplæringstilbodet er nødvendig for at eleven skal få eit forsvarleg utbytte av opplæringa ut frå sin situasjon.

For at ein elev med rett til spesialundervisning skal kunne få opplæring på ein alternativ opplæringsarena, må følgjande vilkår vere oppfylt:

- eleven har eit enkeltvedtak om spesialundervisning og den alternative opplæringsarenaen er heimla i vedtaket (IOP= Individuell opplæringsplan)
- det må liggje føre ein avtale om hjelp til gjennomføring av spesialundervisning mellom kommunen (skolen) og tilbydar av tiltaket (Sjå vedlegg 1 i «[Nasjonal veileder](#)» jfr også <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/sarskilte-behov/spesialundervisning/Spesialundervisning/>)

Aktuelt fagstoff og rettleiingsmateriell:

Det er utarbeida mykje bra rettleiingsmateriell når det gjeld pedagogisk bruk av gardsbruk. Det nyaste på området er «[Nasjonal veileder – Inn på tunet – gården som læringsarena for barn og unge](#)».

På Folkehelseinstituttet sin nettside ligger det [informasjon om smittevern i barnehagar og skoler som er på gardsbesøk](#)

Vi syner også til «[Gården som pedagogisk ressurs - Veiledningshefte for bønder og lærere](#)»

Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU) har i ei årrekke hatt kompetansegeivande kurs innan «Gården som pedagogisk ressurs», «Økologisk skolehage», mm. Fleire av dei regionale høgskulane i landet har også hatt ulike kurs innan «Inn på tunet»-området.

Forskar Gerd Grimsæth ved Høgskolen i Bergen har undersøkt norske og internasjonale studiar av pedagogiske tiltak på gard. I ein tidlegare publikasjon syner ho korleis garden, som pedagogisk arena i skulen, styrkar motivasjonen, aukar læringsutbyttet - og gjennom dette fremjar identitets- og danningsbygging. Resultata i undersøkinga syner også det er viktig med samanheng mellom aktivitetane på garden og kompetansemåla i skulen, og

samanheng mellom IPT-tilbodet og dei andre skuledagane. [Til artikkelen](#) (FoU nr. 1. 2016).

Eit [IPT-prosjekt i Oppland](#) kan visa til svært gode resultat av å nytta Inn på tunet - tilbod i arbeidet med å redusera fråfall frå vidaregåande skule. Stor vekt på motivasjon, meistring, tryggleik og brukarmedverknad har stått sentralt. Godt samarbeid mellom skule, PPT og også frivillige blir også framheva som avgjerande suksessfaktorar.

I Rogaland kan vi vise til kompetansesenteret [Vitengarden og Kvia 4H-gard](#) på Nærbø i Hå kommune, som har lang røynsle med å nytte garden som lærestad, både i høve til barnehagar og skuleklassar. Her er det utvikla pedagogiske opplegg for alle årstider, utstillingar og anna informasjonsmateriell.

[Gausel fritidsgård](#) i Stavanger kommune har også lang røynsle med bruk av garden som lærestad, og har utvikla undervisningstilbod for dei ulike årstidene.

Nokre andre gode døme på undervisningsgardar i Rogaland er: [Haugen gard](#) i Skjold i Vindafjord kommune, [Bøtoppen gard](#) i Karmøy, [Hagatoppen gard](#) i Sandnes, [Pløgen gardsskule](#) i Time kommune.

Her er ein filmsnutt frå Møre- og Romsdal, om garden som pedagogisk ressurs. https://www.youtube.com/watch?v=S-7UK1Bu_g0



Det er i Rogaland også fleire gardsbarnehagar – som har blitt svært populære. Her er nokre døme:

- [Steindal gårdsbarnehage](#)
- [Røyrvik gårdsbarnehage](#)
- [Osa gårdsbarnehage](#)
- [Frøyland gårdsbarnehage](#)

Mogleg finansiering av undervisningstilbod på gard:

Det er i dag ikkje egne tilskotsordningar for skular når det gjeld å ta i bruk Inn på tunet. Ordinære budsjett må difor nyttast.

Tilbydar (IPT-bonden) kan få tilskot frå Innovasjon Norge for å leggje til rette for barnehage- og skulebesøk (t.d. bygningsmessige tilpassingar eller anna).

Aktuelle tiltak i planperioden:

- Årleg informasjon til skulekontora og aktuelle kompetansemiljø om Inn på tunet, inkl aktuelle kurstilbod og rettleiingsmateriell.
- Tilbod om studieturar til gode eksempelgardar



Tilbod innan helse- og rusomsorga inkl arbeidsretta tiltak gjennom NAV

Aktivitetstilbod til funksjonshemma og personar med yrkeshemming

Tilrettelagte aktivitetar på gard kan for nokon brukarar vere eit godt alternativ til dei tradisjonelle dagsentra for psykisk utviklingshemma. Sandnes kommune har mange års erfaring med eit slikt Inn på tunet tiltak. Her har Kvål aktivitetssenter etablert eit [dagsenter på Stokkeland gard](#) som ligg fint til ved Stokkelandsvatnet. Viser også til eldre artikkel om «[Omsorg i det grønne](#)» på Stokkeland gard i Kommunal rapport:

Inn på tunet - rus

I alle problemfasar og rehabilitering av rusmisbrukarar kan aktivitetstilbod på gard vere med å gi mening, medverke til mestringsopplevingar og sosialt fellesskap. Kontakt med dyr har ofte vore ein positiv faktor for denne brukargruppa. Høgskulen på Vestlandet (før Høgskolen i Bergen) har utarbeidd ein [rettleiar for hesteaktivitetar på Inn på tunet-gardar for rusfeltet](#), Det er og utarbeidd ein

undervisningsfilm, "Opp på hesten igjen", som kan tingast ved å kontakte Høgskulen på Vestlandet (rita.agdal@hvl.no)

Vi viser også til [opptrappingsplan for rusfeltet](#)

Rusproblematikk har ofte samanheng med psykisk helse, sjå neste punkt.



Inn på tunet - psykisk helse

Inn på tunet tilbod til menneske med psykiske helseproblem kan gi gode opplevingar, sosialt fellesskap, struktur og samanheng. Historisk har det vore kjent at kontakt med natur, hagearbeid og stell av husdyr har vore bra for personar som har vore i psykisk ubalanse. Dei første norske psykiatriske sjukehusa blei bygde opp rundt gardsbruk. Gaustad Asyl var det første og det blei etablert rundt 1850-talet. Så følgde fleire etter, blant anna Dale psykiatriske sjukehus i Sandnes. Det same bilete finn vi mange andre stader i Europa, og nokre av desse «gards-sjukehusa» er framleis i drift. Vi kan gå enda lenger tilbake i tid: Frå gamle Egypt er det forteljingar om legar innan psykisk helse som rådde sine pasientar til opphald i terapeutiske hagar, som ein del av behandlinga dei fekk.

Nettstaden Psyiskhelsearbeid.no er ein kunnskapsdatabase som blir drifta av Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid NAPHA. Her ligg det blant anna ein artikkel om «[Inn på tunet – meistring i praksis](#)»

Det er mykje forskning å vise til som dokumenterer positiv effekt av IPT-tilbod, eller generelt kontakt med natur og dyr.

Les gjerne reportasjen [Grønn omsorg - hva gir helseeffekt](#)

På nettstaden til Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU) er ligg det relevant informasjon om forskning på natur og helse mm (inkl Inn på tunet og dyre-assisterte intervensjonar): <https://www.nmbu.no/en/nature-and-health>.

Universitet i Agder har også engasjert seg i [bruk av dyr innan helse- og velferdstenester](#), og tilbyr også kompetansejevande kurs innan dette området.

Aktuelt rettleiingsmateriell:

[Rettleiar i lokalt psykisk helsearbeid og rusarbeid for vaksne](#)

Ved Høgskolen i Hedmark, i samarbeid med Østlandsforskning, har ei forskargruppe gjeve ut ei [handbok for kjøparar av Inn på tunet](#), med spesiell fokus på tilrettelagt arbeid og arbeidstrening for unge vaksne.

Mogleg finansiering:

Helsedirektoratet har ein nettportal med [oversikt over ulike tilskotspostar innan psykisk helse og rus..](#)

Inn på tunet - arbeid (samarbeidstiltak med NAV)

Tiltaksplassar på gard er eit mogleg alternativ for arbeidssøkarar som er under utredning og kvalifisering eller for dei som treng varig tilrettelagt arbeid. Nærleik til natur, å få jobbe med dyr og planter i eit sosialt og trygt miljø, kan ha positiv effekt på fysisk og psykisk helse, livskvalitet og arbeidsevne. Praksis frå landbruk kan også gje svært allsidig arbeidstrening som kan vere nyttig og kvalifiserande i høve til andre moglege jobbar.

«Grønt arbeid» er eit arbeidstilbod på gard for personar med psykiske helseproblem i regi av NAV, i samarbeid med ulike etatar og tenester. Dette var ei satsing som blei lansert i samband med Nasjonal strategiplan for arbeid og psykisk helse og prosjektet «Vilje viser veg» tilbake til 2004. «Vilje viser veg» er nå avslutta som prosjekt, men omgrepet «Grønt arbeid» og fleire av dei tiltaka som blei etablert i prosjektperioden lever vidare. I Rogaland er det ulike modellar innan «grønt arbeid»:

- [Tryggvi Islandshestgård](#) – underleverandør/samarbeid med Otus/Sandnes Proservice.

- [Ullandhaug økologiske gard](#) - Her er det Ullandhaug økologiske gard som er tiltaksarrangør, på same måte som
- [Gausel Fritidsgård](#)

Meir om [Grønt arbeid](#) og [arbeid og inkludering](#)

NAV har også andre tiltaksordningar som kan nyttast i samarbeid med Inn på tunet:

- Arbeidstrening: NAV kan gi støtte til praktisk opplæring på ein arbeidsplass. [Arbeidsførebuande trening](#) (AFT) byggjer på dei tidlegare NAV-tiltaka arbeidspraksis i skjerma verksemd (APS) og kvalifisering i arbeidsmarknadsbedrift (KIA). Tiltaket har normalt ei tidsavgrensing på eit år. Jfr også «grønt arbeid».
- Lønstilskot: NAV kan dekke delar av utgiftene til arbeidsgivar for ein periode. (Refusjonsordning som kan nyttast dersom IPT-gardbrukar er arbeidsgjevar for ein eller fleire personar i ein avtalt periode).
- Varig tilrettelagt arbeid i ordinær verksemd (VTA-O) og VTA i skjerma verksemd er tiltak for personar med varig nedsett arbeidsevne.

Meir om [ulike typer tiltak hos Arbeids- og velferdsetaten](#)

Jfr også <https://www.regjeringen.no/no/tema/arbeidsliv/arbeidsmarked-og-syssetsetting/innsikt/arbeidsmarkedstiltak/hvilke-arbeidsrettede-tiltak finnes/id2076683/>

<https://www.nav.no/no/Person/Arbeid/Oppfolging+og+tiltak+for+a+komme+i+jobb/Tiltak+for+a+komme+i+jobb>

[Mentorordninga og inkluderingstilskot](#) kan også nyttast i Inn på tunet samanheng. Jfr også

<https://www.nav.no/no/Person/Arbeid/Oppfolging+og+tiltak+for+a+komme+i+jobb/Tiltak+for+a+komme+i+jobb/Relatert+innhold/inkluderingstilskudd#chapter-1>

Aktuelle tiltak:

- Informasjon til kommunane, lokale NAV-kontor og potensielle tilbydarar.



Butilbod til barn og unge på Inn på tunet gard

Butilbod til barn og unge på Inn på tunet gard kan vere besøksheim/helgeavlastning, ulike type fosterheimar eller mindre institusjonar/bukollektiv.

Personlege eigenskapar er svært viktig for dei som vel å bli fosterforeldre eller tek på seg omsorgsoppgåver i forhold til barn og ungdom. Her er krava Bufetat set til sine fosterforeldre:

- God vandel (legge fram uttømmmande og utvida politiattest)
- Interesse og overskot til å gje barn ein trygg og god heim
- Stabil livssituasjon
- Alminneleg god helse (dvs helsa må ikkje vere til hinder for å gje god omsorg)
- Gode samarbeidsevner
- Økonomi, bustad og sosialt nettverk som gjev barn rom for livsutfalding
- Delta på aktuelle kurs i regi av Bufetat

Garden kan vere ein god stad å bu for mange barn og unge. Her er det som regel god plass både inne og ute, og kontakt med natur og dyr blir ein naturleg del av kvardagen. Mange fosterbarn på gard har hatt eigen hund, hest eller

andre dyr. Dei fleste gardsbruk har eigen verkstad som kan nyttast til mangt, dersom interessa er til stades. På eit gardsbruk vil det ofte vere fleire generasjonar, som også kan vere ein positiv ressurs for dei unge som bur på garden.

I Sveits har ein røynsle med å kople traumatiserte barn med trygge oppvekstvilkår på gardsbruk. I tillegg til krava til fosterforeldra blir det lagt stor vekt på god dyrevelferd. Barna knyter seg ofte til dyra på garden, og det er viktig for dei at dyra har det bra.

Notat frå Fylkesmannen i Hordaland etter ein studietur:

<https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMHO/Landbruk%20og%20mat/Næringsutvikling/IPT/Fosterheimar%20på%20gardsbruk%20i%20Sveits.pdf>

Sjå også <http://www.jugendhilfe-integration.ch/>



Her er ein oversikt over ulike type butilbod barnevernstenesta har behov for:

Besøksheim/avlastningsheim er eit hjelpetiltak gjennom barneverntenesta der barn og ungdom får tilbod om å bu hos ein annan familie ein eller fleire helger pr. månad. Eit Inn på tunet gardsbruk kan for mange vere ein god plass å vere for slik helgeavlastning, og gje moglegheiter for mange spanande aktivitetstilbod.

Fosterheim er ein privat heim som tek vare på barn 0-18 år som for ein periode, eit år eller fleire, ikkje kan bu hos foreldra sine. Det finst ulike typar fosterheim:

Ordinære fosterheimar inkl. fosterheim for einslege mindreårige flyktningar
Beredskapsheim
Familieheim

Ordinære fosterheimar er kommunale, dvs. at dei som er fosterforeldre har ein avtale med den kommunen som har omsorga for barnet. Alle som ønskjer å bli fosterforeldre må gjennom eit eige opplæringsprogram (PRIDE

https://www.bufdir.no/fosterhjem/Hvordan_bli_fosterhjem/Delta_pa_kurs/Pride_grunnkurs/).

Fosterheim for einslege mindreårige flyktningar er fosterheimar på lik linje med ordinære fosterheimar, men fosterforeldra vil få særskilt opplæring i forhold til dei utfordringane ein kan møte med denne gruppa. Einsleg mindreårige flyktningar har ikkje foreldre eller andre omsorgspersonar i Noreg. Dei fleste er gutar mellom 11 og 17 år frå blant anna Afghanistan og Eritrea.

Fosterforeldre får betalt i form av ei fosterheimsgodtgjersle. Denne inneheld ei arbeidsgodtgjersle som ein betalar skatt av, og ei utgiftsdekking som er skattefri (skal dekkje kost, klede og fritidsaktivitetar). Omfanget av betalinga blir avtalt med den kommunale barnevernstenesta.

Dersom fosterbarnet treng særleg oppfølging eller tilsyn, kan barnevernstenesta setje inn tiltak som til dømes ekstra rettleiing, avlastning og støttekontakt. Nokre gonger er det behov for at ein av fosterforeldra er heime med fosterbarnet i ein periode. I denne perioden utbetalar barnevernstenesta vanlegvis ei auka arbeidsgodtgjersle tilsvarende tapt arbeidsforteneste.

Nokre barn og unge har behov for ein forsterka fosterheim med særlege ressursar, kompetanse og erfaring. Desse blir kalla beredskapsheim eller familieheim. Ein i familien er då fosterforelder på heiltid, og får løn frå Bufetat som statleg tilsett med rett til pensjon frå Statens pensjonskasse etter nærare reglar:

Beredskapsheim

Beredskapsheim er ein fosterheim som på kort varsel kan ta imot barn og unge som er i ein akuttsituasjon. Beredskapsheimen må ta omsorga for barnet til ei anna og meir varig løysing i fosterheim eller institusjon er funnen, eller til barnet kan flytte tilbake til foreldra sine. Det er ønskeleg at fosterforeldra i beredskapsheimane har relevant utdanning og/eller aktuell realkompetanse (ein av dei).

Familieheim

Nokre ungdomar frå 12 år og eldre har særskilte utfordringar som gjer at det ikkje er noko alternativ å plassere dei i ordinære fosterheimar. Familieheimar må ha relevant kompetanse (anten utdanning på høgskule- eller universitetsnivå (gjeld ein av fosterforeldra), eller røynsle som fosterheim frå tidlegare. Eksempel på relevant utdanning kan vere barnevernspedagog, sosionom, psykolog eller lærarutdanning. Ein familieheim må også vere godkjent som fosterheim og ha gjennomført PRIDE-opplæringa.

Les meir om ulike typar fosterheim på <http://www.fosterhjem.no>

Meir om betaling og rettar for fosterforeldre:

https://www.bufdir.no/nn/Fosterheim/Betaling_og_rettar/

Andre butilbod på gardsbruk

Det finst også døme på ulike barnevernsinstitusjonar/omsorgssentre som er lagt til gardsbruk. Desse kan driftast i regi av Bufetat, som leiger hus og lokale på eit gardsbruk. Eller det kan vere private aktørar som anten sjølv eig eit gardsbruk eller leigar hus og lokale av ein gardbrukar. Denne private aktøren sel så sine tenester til barnevernet.

Vi går ikkje nærare inn på dette her, men viser til informasjon som ligg på nett:

https://www.bufdir.no/Barnevern/Tiltak_i_barnevernet/

https://www.bufdir.no/Barnevern/enslige_mindrearige_asylosokere_og_flyktninger/Omsorgssentre/

Aktuelle tiltak:

Informasjonskampanje i samarbeid med Bufetat for å rekruttere fleire fosterforeldre frå gard, og fleire avlastnings- og besøksheimar.



Inn på tunet tilbød til flyktningar

Det har kome mange flyktningar til Noreg og Europa dei seinare årene, og 2015 var eit rekordår. Nesten alle kommunane i landet har no sagt seg villige til å ta i mot flyktningar og medverke til busetting og integrering. Alle våre nye innbyggjarar skal gjennom det såkalla [«Introduksjonsprogrammet»](#). Dette er eit 2-årig program med opplæring i norsk og samfunnskunnskap, og skal førebu

flyktningane for vidare opplæring eller direkte inngang til yrkeslivet. Det skal utarbeidast ein individuell plan tilpassa den enkelte deltakar.

I [integreringsmeldinga](#) (St. meld. 30, 2015-2016) blir det oppmoda til at språkopplæringa og introduksjonsprogrammet i større grad må skje på arbeidsplassar og stader der opplæringa vil opplevast relevant for deltakarane. For å få til dette trengs både eigna arbeidsplassar og andre gode arenaer for læring og kulturell utveksling. Landbruket med sine mange allsidige utøvarar, forskjellige produksjonar og tilleggsnæringar trur vi kan vere med å gjere ein innsats her.

Landbruk er i dag så mangt, frå tradisjonelt jord-, skog- og hagebruk til tilleggsnæringar som maskinutleie, bygdeservice, utmarksnæringar, gardsturisme, Inn på tunet mm. I tillegg kjem næringsmiddelindustrien og annan verksemd knytt til landbruket. Fleire av flyktningane som har kome til landet vårt har bakgrunn frå landbruket i sine heimland. Når dei no skal gjennom «Introduksjonsprogrammet», kan det difor vere ein god ide at ein del av dette programmet og språkopplæringa blir lagt til eit eigna gardsbruk/landbruksbedrift. Dette kan i neste omgang føre til jobb innan til dømes avløyarlaga, veksthusnæringa eller landbruksindustrien. Men sjølv om målet ikkje er fast arbeid innan det tradisjonelle landbruket, vil praksis frå gardsbruk kunne gje allsidig arbeidspraksis innan mange ulike fagområde. På eit Inn på tunet gardsbruk er det mogleg å skreddarsy tilbod til dei enkelte deltakarane, i tråd med deira individuelle planar.

For nokre år tilbake har vi i Rogaland hatt vellukka samarbeidstiltak mellom landbruket, sosialtenesta og flyktningkontora i kommunane som bl.a. gjekk på «Språkopplæring gjennom praktisk arbeid på gard». Både kvinner og menn deltok i desse tiltaka, og fleire fant vegen til det ordinære arbeidslivet i etterkant.

Nokre gode døme på Inn på tunet tilbod til flyktningar i andre fylke:

[sumarskule for unge flyktningar på to Inn på tunet gardsbruk i Surnadal kommune, Møre- og Romsdal](#). Dette går på språktrening i kombinasjon med praktiske oppgåver på gard i eit sosialt fellesskap. Tiltaket blir finansiert med midlar frå vaksenopplæringa i kommunen. Deltakarane fortel om stor trivsel og godt utbytte. Dei same Inn på tunet gardane tilbyr også etableraropplæring for flyktningar og innvandrarar, med delfinansiering frå Innovasjon Norge og Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi).

[Egge geitegard](#) i Gloppen kommune i Sogn- og Fjordane har sidan i hausten 2015 tatt imot ungdommar frå Skei statlege mottak for mindreårige asylsøkarar. Tiltaket er finansiert gjennom aktivitetsmidlar frå Utlendingsdirektoratet (UDI) til barn og unge. Aktivitetane i tiltaket går på stell av geiter og anna gardsarbeid, fiske og friluftsliv.

På [Røne omsorgsgard](#) i Stange kommune sør for Hamar bur det mindreårige flyktningar under 18 år. Det blei bygd nytt hybel- og aktivitetshus på garden i 2011 som brukast til butrening og aktivitetstilbod. Huset er definert som eit næringsbygg og har fått økonomisk støtte frå Innovasjon Norge. Drifta av tiltaket finansierast med midlar frå Bufetat og Stange kommune v/flyktningetaten. Det gamle fjøset på Rønegarden er i dag innreia til møtelokale og nyttast til fritidstilbod og ulike arrangement for andre ungdommar og brukarar i Stange. Flyktningane blir på denne måten naturleg drege med i det sosiale livet på bygda.

Vi har også døme på aktivitetstilbod på gard for einslege mindreårige flyktningar og familiar med barn, der Inn på tunet garden har hatt eit samarbeid med ein frivillig organisasjon. På [Dun andelsbruk](#) har dei til dømes hatt tilbod til flyktningfamiliar (både busette og til dei som bur i mottak). Tilbodet har vore et samarbeid mellom IMDI, Røde Kors og Namsos kommune.

Moglege finansieringskjelder for slike tiltak kan vere:

http://www.imdi.no/tilskudd/#title_3

https://www.bufdir.no/Tilskudd/Soke_om_tilskudd/Barnefattigdom/

<https://www.udi.no/asylmottak/er-nabo-til-et-asylmottak/tilskudd-til-aktiviteter-for-barn-og-unge/>

Aktuelle tiltak:

- Informasjon til kommunane v/flyktningkontora om mogleg samarbeid med landbruket i høve til introduksjonsprogrammet og IPT som arena for fritidstilbod eller andre aktivitetar.
- Informasjon til frivillige organisasjonar og asylmottaka om Inn på tunet.
- Når det gjeld moglege butilbod viser vi til kapittel om «Butilbod til barn og unge»

Samandrag

Handlingsplanen for Inn på tunet i Rogaland er utarbeidd i samarbeid mellom landbruksavdelinga, utdanningsavdelinga og helse- og sosialavdelinga hos Fylkesmannen. I tillegg har fleire eksterne samarbeidspartnarar vore med i prosessen.

Planen byggjer på tidlegare «Nasjonal handlingsplan for Inn på tunet», embetsoppdraget frå Regjeringa til fylkesmennene og føringar gitt i *St.m. 31 – Garden som ressurs Garden som ressurs – marknaden som mål – Vekst og gründerskap innan landbruksbaserte næringar*. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-31-20142015/id2415017/>

Denne handlingsplanen, som har like mykje karakter av å vere ein rettleiar, peiker på ulike område der Inn på tunet kan vere ein aktuell tenesteleverandør.

Prioriterte satsingsområde i Handlingsplan for Inn på tunet i Rogaland:

- Dagtilbod på gard for heimebuande personar med demens
- Skule/pedagogiske tilbod
- Tilbod innan helse- og rusomsorga inkl arbeidsretta tiltak gjennom NAV
- Butilbod på gard for barn og ungdom
- Tilbod til flyktningar

I planperioden 2019-20 vil det i Rogaland blir lagt særleg vekt på å få til fleire dagtilbod til heimebuande personar med demens, fleire butilbod på gard for barn og ungdom, tiltak for flyktningar og tiltak retta mot rusomsorga og fråfallsproblematikk i skulen.